



Arkivnr: 2018/7348-6
Saksbehandlar: Arthur Kristian Arnesen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		30.08.2019

Omdisponering av kompensasjonsmidlar i Kvinnherad

Samandrag

I perioden 2004 til 2016 forvalta fylkeskommunen «Næringsretta midlar til regional utvikling», også kalla kompensasjonsmidlar for auka arbeidsgivaravgift gjennom årlege planar som blei godkjent av fylkesutvalet. Eit av tiltaka i desse planane, «Næringsutvikling Kvinnherad» har ikkje blitt gjennomført som føresett i dei godkjente årlege planane. Denne saka gjeld omdisponering av midlar frå dette tiltaket og til tiltaket «Infrastruktur Kvinneherad» og fordeling av den totale ramma på to konkrete vegprosjekt.

Økonomi: Bruk av kr 9 700 000 til finansiering av Lundesvingane vil styrke investeringsbudsjettet tilsvarende. Utover dette vil ikkje saka ha innverknad på drift, gjeld eller disposisjonsfond då midlane står på eit øymerka fond.

Klima: I den grad utbetring av dei to vegparsellane lettar trafikkavviklinga vil dei redusere utsleppa av CO₂.

Folkehelse: Tiltaka vil gjere dei utbetra parsellane meir trafikksikre og dermed redusera risikoen for ulykker.

Regional planstrategi: Tiltaka er i tråd med mål om å styrke Husnes som regionalt senter og vil medverke til standardheving av prioritert fylkesvegnett.

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet godkjenner omdisponering av kr 17,64 mill. kr i kompensasjonsmidlar frå tiltaket Næringsutvikling i Kvinnherad til tiltaket Infrastruktur Kvinnherad slik at total ramme blir kr 29,350 mill. kr. Ramma fordelast med:

1. Kr 9 700 000 til prosjektet Hellandskryssset på Fv 48 i regi av fylkeskommunen
2. Kr 19 650 000 til prosjektet Lundesvingane på Fv 48 i regi av Kvinnherad kommune.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 12.08.2019

Innleiing.

Næringsretta midlar til regional utvikling, også kalla kompensasjonsmidlar for auka arbeidskraft, var ei ordning med øyremerka midlar til utviklingstiltak i nokre nærare spesifiserte kommunar for peioden 2004 til 2016. I samband med revisjon av regelverket for ordninga blei talet på kommunar redusert frå 2007 og igjen frå 2015. Kvinnherad kommune har vore med i ordninga frå starten og ut 2014.

Virkemiddelbruken blei prioritert gjennom at ei styringsgruppe for kompensasjonsmidlane, oppnemnd av fylkeskommunen og beståande av ordførarar og næringslivsrepresentantar frå dei til ei kvar tid aktuelle kommunane, kvart år kom med forslag til prosjekt og tiltak som burde prioriterast. Dette var samla i ein årleg «Plan for bruk av kompensasjonsmidlar» som blei endeleg godkjent av fylkesutvalet. I perioden 2004 til 2006 var forvaltninga av midlane delegerert til tre regionråd (Nordhordland, Hardanger og Sunnhordland), men frå 2007 har midlane vore forvalta av fylkeskommunen. Unyttta og tilbakeførte midlar står på eit eige øyremerka fond i fylkeskommunen.

Kva saka gjeld.

I perioden 2004 til 2012 blei det årleg sett av ein viss sum i dei årlege planane til eit prosjekt kalla «Næringsutvikling Kvinnherad».

Fram til og med 2011 var dette formulert som ei avsetting til eit prosjekt med målsetting om å kartleggja og løysa ut nye næringsareal i Kvinnherad utan at dette var nærare spesifisert. Sidan prosjektet ikkje var konkretisert, var det ikkje aktuelt å utbetale midlane og dei blei difor ståande på fond i påvente av konkretisering av planane.

I perioden 2004 til 2006 blei det sett av kr 1,0 mill. kr som står på konto hos Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

I perioden 2007 til 2011 blei det sett av til saman kr 12,8 mill. kr som står på øyremerka fond hos fylkeskommunen.

I styringsgruppa sitt forslag til plan for 2012 var det konkretisert at midlane skulle gå til å legge til rette for infrastruktur som veg, vatn, avløp, straum og tele til eit konkret industriområde på Husnes. Samstundes blei det lagt inn at alle tidlegere avsette midlar samt 3,84 mill. kr avsett i 2012 skulle gå til dette prosjektet.

Diskusjonen rundt dette prosjektet og ein del andre forhold ved andre prosjekt, samt spørsmål om habilitet gjorde at planen for 2012 blei handsama i fleire omgangar i fylkesutvalet hausten/vinteren 2012/2013. I den siste handsaminga av planen i fylkesutvalet 21.02.2013 blei det vedtatt å utsette handsaminga av tiltaket Næringsutvikling i Kvinnherad.

Forslaget førte til diskusjonar og uro i Kvinnherad. Ein aktør som disponerte eit anna industriområde klaga Kvinnherad kommune og Hordaland fylkeskommune inn for ESA med påstand om at det var blitt gitt konkurransevridande offentleg støtte til industriområdet på Husnes sjølv om saka var utsett av fylkesutvalet. I vårt tilsvaret til ESA poengterte vi at enno ikkje var vedtatt gitt slik støtte til industriområdet og at det uansett var snakk om å støtte til framføring av infrastruktur til industriområdet og ikkje til utvikling av sjølve området. ESA tok svaret til etterretning, men bad om å bli orientert om det endelege utfallet i saka.

Fylkeskommunen etterlyste ei nærare avklaring frå kommunen og næringslivet om korleis midlane meir konkret skulle nyttast. Etter diskusjon mellom kommunen og næringslivet blei fylkeskommunen orientert om at forslaget om å nytte kompensasjonsmidlar til infrastruktur i samband med utvikling av industriområdet på Husnes var trekt tilbake og at Kvinnherad kommune i samråd med næringslivet ville komme attende med ein søknad om omdisponering av dei avsette midlane til andre formål.

I planen for bruk av kompensasjonsmidlane i 2013 var ikkje lenger forslaget om Næringsutvikling i Kvinnherad med i planen. Derimot var det sett av kr 550 000 til eit nytt tiltak «Infrastruktur i Kvinnherad». Midlane skulle nyttast til utbetring av flaskehalsar og trafikksiktingstiltak utan at det var nærare definert kva tiltak desse midlane skulle gå til. Avsetninga blei godkjent av fylkesutvalet i samband med godkjenning av planen.

I planen for 2014 var det sett av kr 11,160 mill. kr til Infrastruktur Kvinnherad. Samstundes var det i planen skissert at tidlegare midlar avsett til prosjektet Næringsutvikling Kvinnherad skulle omdisponerast til dette formålet. I planen var det nemnd tre ulike vegprosjekt med ei samla kostnadsramme som langt oversteig tilgjengelege kompensasjonsmidlar utan at annen finansiering var avklart. Det var semje mellom kommunen og næringslivet om dette. I samband med handsaming av planen godkjente fylkesutvalet at kr 11,160 blei avsett til Infrastruktur Kvinnherad utan at midlane blei fordelt på konkrete prosjekt. Spørsmålet om omdisponering blei ikkje handsama.

Totalt er det dermed snakk om kr 29,350 til Infrastruktur Kvinnherad fordelt som i tabellen under:

Opphavelag avsett	Beløp	Merknad
Årsplanane for 2004 til 2006	1 000 000	Avsett til Næringsutvikling Kvinnherad, står på konto hos Samarbeidsrådet Sunnhordland
Årsplane for 2007 til 2011	12 800 000	Avsett til Næringsutvikling Kvinnherad, Står på øyremerka fond hos fylkeskommunen
Årsplanen for 2012	3 840 000	Foreslått til Næringsutvikling Kvinnherad, men utsett av fylkesutvalet. Står på øyremerka fond hos fylkeskommunen.
Årsplanen for 2013	550 000	Avsett til Infrastruktur Kvinnherad. Står på øyremerka fond hos fylkeskommunen.
Årsplanen for 2014.	11 160 000	Avsett til Infrastruktur Kvinnherad. Står på øyremerka fond hos fylkeskommunen
Totalt alle år:	29 350 000	Søkt om omdisponering til konkrete vegprosjekt i Kvinnherad.

Dei tre vegprosjekta i planen for 2014 var Fv 551 Krokaparsellen (15 mill kr), Fv 48 Hellandskryssset (10 mill kr) og Fv 48 Lundasvingane (50 mill. kr) hadde estimerte kostnadar som langt oversteig tilgjengeleg finansiering gjennom kompensasjonsmidlane. Fylkeskommunen etterlyste difor ein plan for korleis dei øvrige kostnadane skulle dekkast før ein kunne gå vidare.

I januar 2018 fekk me ein revidert søknad frå Kvinnherad kommune kor eit av dei tre prosjekta var tatt ut (Krokaparsellen) og kor ein søkte om fordeling av midlane på dei to resterande prosjekta. Grunngevinga var at planlegginga av Krokaparsellen ikkje var starta, og eventuell gjennomføring dermed svært usikker, medan dei to andre prosjekta var under gjennomføring. Det kom også nye kostnadsoverslag for begge desse prosjekta og at det ikkje var same byggherre for begge prosjekta.

- Hellandskryssset, foreløpig kostnad kr 10 000 000, men framleis usikkert. Byggherre er fylkeskommunen. 100 % finansiering med kompensasjonsmidlar.
- Lundesvingane, redusert kostnad til kr 30 000 000. Byggherre her er Kvinnherad kommune. Resterande midlar som ikkje nyttast til Hellandskryssset (kr 19,350 mill. kr) nyttast her. Anna finansiering blir bompengar, Kvinnherad kommune og MVA kompensasjon.

I januar i år fekk vi stadfesting på at kostnadane for Hellandskryssset ville bli 9,7 mill. kr og det var semje om at dei resterande midlane overførast til finansiering av Lundesvingane (totalt 19, 650 mill. kr).

Vi har også fått ei stadfesting frå Samarbeidsrådet i Sunnhordland om at dei ønsker å tilbakeføre dei unytta midlane dei har ståande på konto til fylkeskommunen for retildeling.

Fylkesrådmannen si vurdering.

Fylkesrådmannen beklagar at handsaminga av denne saka har tatt så lang tid. Delvis skuldast dette forhold som ligger utanfor vår kontroll, men vi vi må også ta ansvar for at delar av tidsbruken kan tilskrивast mangelfull oppfølging frå vår side.

Som det går fram av saksframlegget har fylkesutvalet ikkje fatta vedtak om korleis midlane foreslått til næringsutvikling i Kvinnherad (kr 3,84 mill. kr) skal nyttast. Her er det difor behov for eit formelt vedtak.

Normalt har søknader om omdisponering kompensasjonsmidlar blitt handsama administrativt eller av Regionalt næringsforum i tråd med retningsliner fastsett av fylkestinget. I denne saka er beløpet såvidt stort at det endelege vedtaket bør fattast av fylkesutvalet.

Når no alle involverte partar er samde om kva desse midlane skal nyttast til og korleis dei skal fordelast på dei to prosjekta vil fylkesrådmannen tilrå omdisponering og fordeling i tråd med dette. Så snart vedtak er gjort vil tilsegn bli gitt til fylkeskommunen ved Samferdsleavdelinga og Kvinnherad kommune. Sluttutbetaling vil bli gjort så snart tilfredsstillande rapportering er mottatt. Eg regnar med at dette er mogleg å få til inneverande år.

Fylkesrådmannen er i ferd med å gjennomgå den totale prosjektporteføljen knytt til kompensasjonsmidlane og tar sikte på å kome attende til fylkesutvalet med ein eigen sak om dette til neste møte.